

Fra: John Martin Jacobsen (John.Martin.Jacobsen@hfk.no)
Sendt: 29.04.2014 08:10:49
Til: Lise Ådlandsvik
Kopi:

Emne: VS: Vegstandard Jondal - Austepollen

Vedlegg:

Fra: Trygve Vikane [mailto:trygve.vikane@kvamnet.no]

Sendt: 28. april 2014 14:59

Til: John Martin Jacobsen

Emne: Vegstandard Jondal - Austepollen

Hordaland Fylkeskommune
v/Samferdelseksjonen
John Martin Jacobsen.

Ad vegstandard.

Vi har her i Jondal kommune har fått vegutløysing til Kvinnherad gjennom den nye Jondalstunnellen i 2012. Dette er vel og bra, men det tragiske oppi denne gleden er då vegen på begge sider av denne nye tunnelen har slik standard den faktisk har.

Fylkesveg 107 frå Jondal til rundkjøringen i Saltkjelen er for smal, uoversikleg og svingete med direkte livsfarlege av/påkjøringar til FV107. Dette begrunnar eg med den konsekvens av at trafikken som følge av Jondalstunnellen er opna, så genererer det betydeleg auka trafikk av trafikantar utan kjennskap til vegen og dens iboende trafikk-farepotensiale. Dette genererer mange svært farlege trafikksituasjonar, seinast for ein liten månad sidan, unngjekk to store kjøretøy så vidt at det ikkje vart den store katastrofen, med personskader og det som verre er. Men den gongen gjekk det av seg med tre stk. hjul på det eine kjøretøyet vart smadra. Eg var augevitne til hendelsen. Dette er ikke ein eingongshendelse, det er berre forvarsel om det som verkeleg kan henda langs vegen her. Det stundar no sommaren til, og trafikken vil og dermed auka og farepotensialet for hendelser dermed.

Det er eit ikkje motsagt fakta at det å nå ei ferge, eller koma frå ei ferge, triggjar aggressiv kjøring.....men då vegen er slik den er, er det som ein form for russisk rullet om det går bra eller ikkje.

På andre sida, dvs i Mauranger er vegen frå tunnelen til Austepollen om endå verre enn her på Jondalsida. Forsjellen er at på denne sida er det knapt ein av/påkjørsel.....men vegen er stykkevis svingete, smal og svært uoversiktleg.....det er rett og slett tragisk at det skal vera lov å ha vegen slik. Vi kan sei det slik at vegen på begge sider ikkje på nokon måte står i forhold til standarden i tunnelane.....det er som forsjellen mellom natt og dag.....(vinterstid).

Det er uforståeleg for oss som bur her, at ein kan tillata seg å forlata eit veganlegg slik det framstår. Og å få det litt bedre på Maurangersida, skal det lite til, det er å bora å sprengja massane rett ut i fjorden der er det ikkje noko å ta hensyn til.

Eit eksempel.....det er ein stad i Nordrepollen der det etter noko nedbør, så har bekken nedslag midt i vegbana frå ein berghammar som heng utover vegen. Slik skal det ikkje vera!! Og som ein rett konsekvens av denne bekken, heng isjuklane vintersdagen over hovudet på oss trafikantar.....slik skal det heller ikkje vera!! Men det skaffar jo arbeid med å rydda isjuklane vekk...år etter år men er i røynda reinhekla molboarbeiddå ein heller skulle prioritera å fjerna problemet og faren dette representerer!!

Vi trafikantar forventar og, at no då vi har fått ei ny BLÅ BLÅ regjering heldivis er komen på plass, som flaggar handlekraft og vil levera på det meste, ikkje minst på samferdesel vil vi og tru at Samferdeslsministeren vil ta tilbake styringen av Vegvesenet, slik det har vore under rødgrønt har det i sannheit vore motsett.

Vi kan ikkje lenger leva etter den raudgrøne filosofien, at først må det vera ei dødsulukke, så deretter nokre alvorlege hendelsar, før det vert nedsett ein kommite som skal finna ut om det **ikkje** skal gjerast noko...til det kokar ut i kålen over tid...til ein bomstasjon vil løysa problemet!!! Nei å atter nei....slik kan vi ikkje ha det!

Nei her må det handling til.....eg vil på vegne av meg sjølv og medtrafikkantar oppfordra ansvarleg for veg og vegsikkerheit i Hordaland Fylke, på det sterkaste å ta seg tid til å sjå på denne saka, og få sett ut i livet ein opprusting av vegen på begge sider av Jondalstunnellen, slik at vegen framstår med gul midtstripe i det minste, og dei verste trafikkfellene er rydda bort!

Det er sjølvsagt mange rundt i Hordaland Fylke som skrik på bedre veg og vegsikkerheit.....men her i overnemde vegstrekking, Jondal - Mauranger må einkvar kunna sjå forbedrings-potensiala som ligg der, og det kostar ikkje så mykje å forbedra vegstandarden heller, berre ein kunne begynna og ta det verste. Det er som kjent bedre å gjera noko enn ikkje noko i det heile!

Så til slutt.....det går ei ferge i sambandet Jondal - Tørvikbygd med frekvens ca ein av gang kvar veg i timen. Vi kan tenkja litt på det med trafiksikkerheit i det perspektivet....dersom det gjekk to ferger med avgang kvar veg ein gong kvar halvtime....det ville skapa mindre aggressiv kjøring både til og frå.....slik er det berre...rein psykologi! Og ei av fergene skulle og gå natt-turar då hadde det vorte bra.

Det skulle gleda meg at den ansvarlege for veg, les denne emailen før han kastar saka eg har prøvt å skissera i bosset.....eller endå enklare trykker Del.....

mvh Trygve H. Vikane
5627 Jondal